

## Agder Historielag

Postboks 136  
4662 Kristiansand S  
bankgiro 3000.20.3 6165  
[agder@historielagene.no](mailto:agder@historielagene.no)  
[www.historielagene.no/Agder](http://www.historielagene.no/Agder)  
Tlf. 38 02 61 05



# ÅRSMELDING 2014

*Tillitsvalde i 2014-2015 har vore:*

### **Styremedlemer:**

Beint Foss, Tveit Historielag, leiar  
Eilert Skjævestad, Tromøy Historielag, nestleiar  
Johannes Risnes, Kvinesdal Historielag, styremedlem  
Bjug Åkre, Setesdal Sogelag, styremedlem  
Morten Aslaksen, Vennesla Historielag, styremedlem  
Kristian Sundtoft, Vestre Moland og Lillesand Historielag, styremedlem  
Birgit Attestog, Setesdal Sogelag, styremedlem  
Gunnar Thorstensen, Tromøy Historielag, styremedlem

### **Varamedlemer (personlege):**

Helge Wiig, Mandal  
Knut Engelskjøn, Kongshavn  
Ragnhild Høydal, Kvinesdal  
Astri Skuland, Marnardal  
Gerd Lillian Olsen, Mandal  
Lars Petter Østeby, Høvåg  
John Seldal, Bjorbekk  
Sveinung Lien, Tvedestrand

### **Valkomitéen:**

Ellen Ledaal-Gjertsen, Arendal  
Torgeir Retterstøl, Eide  
Kjell Ove Sætren, Mandal  
Anne-Berit Erfjord, Kvinesdal

### **Revisor:**

Ettersynet av rekneskapen er gjort av  
fylkesrevisjonen i Vest-Agder

### **Skrivar:**

Borghild Løver, Lindesnes

## *Verksemda i laget:*

### **Styret**

Det har vore 3 styremøte og 37 saker på saklista i 2014. I tillegg har leiaren og skrivaren hatt nokre møte. Styremedlem Kristian Sundtoft døyde i 2014, slik at Lars Petter Østeby rykte opp som styremedlem.

### **Skrivar**

Borghild Løver har vore skrivar tilsvarende 20% stilling i siste halvdel av året.

### **Kontorlokale og arkiv**

Lagskontoret har i 2014 vore i Bentsens hus i Kronprinsens gate i Kristiansand sentrum. Medlemene i historielaget har kunna nå skrivaren per telefon dag som kveld og tinge bøker. Hovudlageret av bøker og årsskrift har vore på Statsarkivet i Kristiansand, dvs. på Gimlekollen.

### **Årsmøtet 2014**

Årsmøtet vart halde på Revsnes hotell på Byglandsfjord laurdag 26. april 2014. Det var møtt fram 53 totalt, og 52 av desse var røysteføre lokallagsrepresentantar. Leonhard Jansen heldt eit engasjerande føredrag om "1814 – Eidsvollsmennene frå dalen".

### **Abonnetar og medlemslag**

Agder Historielag hadde om lag 750 abonnentar den 31.12.2014. 40 av desse var medlemslag.

### **Økonomi**

Abonnementet for 2014 var på 250 kr. Frå fylkeskommunane kom det totalt inn 220.000 kr i støtte, 100.000 av dei til Agdersoga. Rekneskapan viser eit overskot på i underkant av 100.000 kr, men dette skuldast at jubileumsboka ikkje vart ferdig i 2014, men vert prenta fyrst i 2015.

Me har ståande ei mengd bøker på lager, både av Agdersoga og seinare årsskrift. For fleire detaljar, sjå rekneskapsversyn og revisjonsmelding.

### **Heimesida og fjesboka**

Internettsida vart i 2014 endra frå [www.agderhistorielag.no](http://www.agderhistorielag.no) til [www.historielagene.no/Agder](http://www.historielagene.no/Agder).

Utforminga av heimesida og opplegget for denne har Helge Stahl hatt ansvaret for. Det fine med heimesideopplegget er at lokallaga kan knyte seg opp til dette med eiga heimeside om dei ynskjer det – eller kan stå lenkja til ei side dei allereie har.

Historielaget er på fjesboka, og saman med mange, velviljuge hjelparar frå historielag rundt om, vert det stadig noko nytt på denne sida.

### **Agders Historie**

Det er komne ut fire band av Agdersoga:

- 1920-1945 (Kjell Olav Masdalen, 1991, 2000 eks.)
- 1840-1920 (Bjørn Slettan, 1998, 2000 eks.)
- 800-1350 (Torbjørn Låg, 1999, 2000 eks.)
- 1641-1723 (Ingeborg Fløystad, 2007, 2500 eks.)

Det femte bandet (1350-1640), skriv Stein Tveite på.

Det sjette bandet (1945-2000) har historikar Dag Hundstad skrive på i halvanna år. Stoffsankinga og skrivearbeidet er tenkt å vere ferdig sist i 2014. I komiteén for Agdersoga sit Stein Tveite, Bjørn Slettan, Gustav Sætra, Berit Eide Johnsen, Beint Foss og Rune Holbek. Anne Tone Aanby er biletredaktør.

### **Årsskriftet 2014**

Jubileumsboka var tenkt utkomen i 2014 og skulle erstatte årsskriftet dette året, men det viste seg å vere eit langt meir omfattande arbeid enn fyrst tenkt. Redaktør og eineforfattar var Dag Hundstad, som i tillegg heldt føredraget under jubileumsmiddagen 5. november i Klubben på Ernst hotell.

## Egde

Det vart jobba med eitt nummer av medlemsbladet EGDE dette året. Redaktøren for dette bladet var Borghild Løver, med god hjelp av Johnny Haugen. Bladet vart trykt i 1100 eksemplar og sendt ut til alle abonnentane, som sette stor pris på bladet.

## Annan aktivitet/samarbeid

- Tur til Hamar/Eidsvoll og Sverige 28.-31. aug. organisert av turnemnda ved Ivar Haugen. Beint Foss deltok frå styret.
- Agder Historielag v/Eilert Skjævestad var til stades på møte i Lokalhistorisk kontaktnett i Hjørring/Skagen, Danmark, 28. aug.-31. aug.
- Agderseminaret på UiA i Kristiansand 23. og 24. okt. I tillegg er historielaget sterkt medverkande i ei eiga brukargruppe av Bentsens hus (Kronprinsens gt. 59) og har delteke på desse møta (v/skrivaren) i året som har gått: 12. feb., 6. mai, 10. juni, 2. sept., 14. okt. og 5. des.
- Agder Historielag v/skrivaren er òg deltakar (saman med resten av brukargruppa i Bentsens hus) under den årlege kulturminnedagen, som var sundag 15. sept. kl. 13-16 på Bentsens hus.
- Agder Historielag har i samarbeid med Søgne Historielag, Søgne kommune og Senioruniversitetet skipa til todagarsseminar 20.-21. sept. 2014, med 1814 som tema. Beint Foss deltok i arrangementskomitéen og var møteleiar den eine dagen. Gunnar Thorstensen var rekneskapsansvarleg for seminaret.
- **Jubileumsfest i høve 100-årsfeiringa til Agder Historielaget** på Klubben på Ernst hotell 5. nov. i Kr.sand, med 79 festkleddede deltakarar. Dag Hundstad heldt jubileumsforedraget og Olaf Moen og Borghild Løver framførte vokal folkemusikk.


## Ymse representasjon


- 8.-10. aug. -14: Agder Historielag delte stand (og utgifter) med Mållaga på Agder under Naturligvis/Landbruksdagane på Evjemoen.


## Oppsummering


Historielaget har halde ein høg aktivitet i året som har gått, sjølv om det ikkje er vorten synlege resultat av det i form av bokutgjeving. Leiaren for Agder Historielag var dessutan leiar for LLH i fyrste halvdel av 2014, og i siste halvdel gjekk varamann Kristian Sundtoft inn i lar dslagsstyret. I tillegg har me hatt fleire viktige samarbeidspartnarar som me ynskjer å rette ein særskild takk og helsing til: Kristiansand kommune og brukargruppa i Bentsen hus, i tillegg til Aust-Agder Kulturhistoriske Senter, Statsarkivet og ikkje minst Vest-Agder og Aust-Agder fylk eskommune.


Kristiansand, mars 2015


  
Beint Foss, leiar


  
Eilert Skjævestad, nestleiar


  
Johannes Risnes

  
Bjug Akre

  
Lars Petter Østebø

  
Morten Aslaksen

  
Birgit Attestog

  
Gunnar Thorstensen